

«1. januar i år vart eg eineigar av Gripen gard, gard nr 35, bruk nr 2. Eg vil no satse 100 % på arbeid på garden, og vonleg skapa arbeidsplassar for fleire her etter kvart. Eg engasjerer meg sterkt i arbeidet «Smaken av Nordhordland» og jobbar med å kunne tilby noko til folk som vil besøke Nordhordland. Eg har stor tru på at saman skal me få Nordhordland til å verte ein destinasjon som vil tiltrekkje seg folk. Eg jobbar litt med lokalmat, men eg ser at det me manglar i regionen vår er overnatting og opplevingar. Dette vil eg prøve å få til på min gard. Eg vil lage ein kursarena, og eg vil laga overnatting av heilt spesiell karakter. Eg startar med små utleigehytter på garden, (flyttbare, under 15 m²) og lavvoar. Garden Gripen ligg fantastisk til med verneverdig skog, strandlinje, kulturlandskap og gamle bygningar, alt sjeldsynt autentisk. Dette vil eg behalde og bruke som trekkplaster. Kring garden er det villmark og mykje av eigedomens grensar til Storavatnet som er eit padlarparadis.

No kjem me til det eg vil endre i kommuneplanen sin arealdel: Eg vil gjerne utvide overnattingstilbodet, og det vil eg gjere på berekraftig vis, med om lag ingen terrenginngrep. Eg vil byggje små tretopphytter. Eg er no i prosess for å frede noko av skogen min gjennom frivillig barskogvern, men eg vil gjerne setje av tre små områder til bygging av tretopphytter. EG tenkjer at det kan vere greitt å starte med tre hytter. Plana er at hyttene skal vere lite synlege, og eit opphald her, skal vere i nærkontakt med naturen. Eg vil gjerne ha besøk langvegs frå, men helst vil at gjestane mine skal kome frå Bergen eller vårt eige distrikt. Eg vil ha berekraft. Det går an å sykle hit frå Bergen, og når dei kjem hit, kan dei leige kano, flytevestar og elles alt dei treng for å leve i «villmarka» nokre døgn. Økologisk mat kan dei bunkre på garden hå meg..

Eg ber difor om at tre små områder vert sett av til bygging av små tretopphytter. Sjå vedlagd kart.

Helene Olli Sollid, Gripen 15.11.2017